



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen

**Dato:** 19. januar 2017

**Tid:** Ca. kl. 19.30 (etter møtet i fellesrådet)

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

I starten på møtet vil kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen orientere om arbeidet sitt.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem <b><u>N.B. Ord for dagen</u></b>
Olav Oma	Sokneprest
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten

Fitjar, 13. januar -2017

Harald Rydland

Helga Olsen Aadland

Kyrkjeverje

Soknerådsleiar

### Sakliste:

#### Saksnr.

- S-01/17 Ordning med dåpsvertar i kyrkja
  - S-02/17 Arrangement i kyrkja sin regi
  - S-03/17 Julekonsertar i kyrkja 2017
  - S-04/17 Godkjenning av referat
  - S-05/17 Meldingssaker
  - S-06/17 Open post
-



**Sak 01/17: Ordning med dåpsvertar i kyrkja (utsett sak)**

På prostimøte i haust vart soknerådet gjort kjent med at det i ein skilde kyrkjelydar er eigne dåpsvertar som er med for å støtte og rettleie dei som er i kyrkja for å ha dåp. I Bremnes kyrkjelyd har dei gode røynsler med dette. Ei slik ordning bør ein arbeida for å få etablert i Fitjar og. I samband med dette må det lagast ein beskrivelse av kva som skal vera dåpsvertane sine oppgåver, det må rekrutterast personar som kan tenkja seg å vera med på dette, og dei som vert med må få opplæring

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet går inn for å arbeida fram ei ordning med dåpsvertar i Fitjar kyrkje. Gudstenesteutvalet får i oppdrag å laga arbeidsbeskrivelse for dåpsvertane, medan frivillignemnda arbeider med rekruttering når arbeidsbeskrivelsen er klar.

**Sak 02/17: Arrangement i kyrkja sin regi**

Framover våren er det fleire arrangement i kyrkja sin regi som skal gjennomførast. Her kan me jubileumsarrangement, nemne inviingsgudsteneste for orgelet og kyrkjelydsfest, tur til Helgatun, kyrkjelyden sitt årsmøte. Det er bra om soknerådet finn ordningar for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet går gjennom dei arrangementa som har funne stad den siste tida.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 03/17: Julekonsertar i kyrkja 2017**

Det er alt no komme spørsmål frå ein profesjonell artist om å få halde julekonsert i Fitjar kyrkje i desember 2017. Soknerådet bør ta ei drøfting og gjera eit vedtak, slik at me veit kva me skal svare når slike spørsmål kjem. Dersom det vert for mange julekonsertar på ein såpass liten stad som Fitjar, kan dette slå uheldig ut for både lokale amatørar og profesjonelle artistar som vil komma på besøk.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 04/17: Godkjenning av referat**

Referat frå soknerådsmøte den 10. desember vert sendt i eigen e-post. Det er fint om medlemene kan lesa gjennom før det skal godkjennast i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 10. desember 2016.



DEN NORSKE KYRKJA  
Fitjar sokn

**Sak 05/17: Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Konfirmantundervisning i regi av IMS
2. Nye rutinar for kollekt
3. Kyrkjeblad, giro som innstikk
4. Prostdag på Fitjar til hausten
5. Ny kyrkjeordning?
6. Helgatun, påmelding innan 15,feb.
7. Statistikk for Fitjar kyrkje 2017

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Sak 06/17: Open post**